



J E EKORNES AS  
Industrivegen 1  
6222 IKORNNES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Guro Eidskrem Gjenstad, 71 25 84 29

## J E Ekornes AS avd Ikornnes - inspeksjonsrapport 2019.014.I.FMMR

Denne rapporten handlar om resultatet frå ein inspeksjon gjennomført 19.06.19 ved J E Ekornes AS avd Ikornnes sitt forbrenningsanlegg. Rapporten blir rekna som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er mottatt.

Desse personane var til stades under inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Solveig Gaundal  
Christian Brekke

Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal:  
Guro Eidskrem Gjenstad  
Gunnhild Liva Austvoll

Fylkesmannen i Møre og Romsdal avdekkja 1 avvik under inspeksjonen. Avviket gjeld manglar i verksemda sitt måleprogram og er nærare skildra i punkt 3 i rapporten.

J E Ekornes AS må innan 15.10.19 sende ei skriftleg utgreiing som viser korleis avviket er retta.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)  
fagkoordinator

Guro Eidskrem Gjenstad  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Kopi til:

**SYKKYLVEN KOMMUNE Kyrkjevegen 62 6230 SYKKYLVEN**



## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Namn: J E Ekornes AS avd Ikorntes	Anleggsnummer: 1528.0012.01
Bedriftsnr. for undereininga: 971681489	Eigd av (organisasjonsnr.): 980388271
Kommune: Sykkylven	Anleggsaktivitet: Produksjon av møbler ellers
Kontrollnummer: 2019.014.I.FMMR	Risikoklasse: 3
Løyve gitt: 20.11.14	Løyve sist oppdatert: 23.05.16

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen blei gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslovgivinga blir haldne. Tilsynet er ein del av Fylkesmannen sin planlagde tilsynsaktivitet for 2019. Formålet var å vurdere om vilkår i verksemda sitt løyve til forbrenningsanlegg blir haldne.

### Tema for inspeksjonen var:

- Utsleppskontroll
- Internkontroll
- Risikovurdering
- Handtering av avfall

Rapporten dreier seg om avvik og merknader som blei avdekka under inspeksjonen og gir inga fullstendig vurdering av tilstanden til miljøarbeidet eller miljøstatusen ved verksemda.

## 3. Avvik

Avvik blir definert som manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Fylkesmannen fant følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1

Verksemda sitt måleprogram har manglar.

### Avvik frå:

Vilkår 9.2 jf. 9.1 i verksemda sitt løyve.

### Kommentarar:

Måleprogrammet manglar vurdering av usikkerheit. Dei ulike trinna i målingane vil i ulik grad bidra med usikkerheit til den verdien som blir målt, og desse bidraga skal vurderast. Hensikta med at slike vurderingar er kravd i løyvet, er at dei skal gje grunnlag for å velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita knytt til målingar som blir gjort av utsleppa frå forbrenningsanlegget.

## 4. Oppfølging etter inspeksjonen

J E Ekornes AS avd Ikorntes har plikt å rette opp det avviket som er skildra i denne rapporten så snart som mogleg. For at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saka, må verksemda innan 15.10.19 sende ei skriftleg utgreiing som viser korleis avviket er retta.



Vi ber om at de sender svarbrev på e-post til [fmmrpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmmrpostmottak@fylkesmannen.no) eller på papir til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde, merka med saksnummer. Saksnummeret er 2007/3293.

## 5. Gebyr

Fylkesmannen i Møre og Romsdal varsla under tilsynet at J E Ekornes AS avd Ikorntnes vil bli pålagt eit felles gebyr på kr 26 300 for dei to inspeksjonane som blei gjennomførte same dag, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarar til sats 2. Vedtak om gebyr blir fatta i inspeksjonsrapporten som gjeld pulverlakkkanlegget, og faktura blir sendt frå Miljødirektoratet. Informasjon om klagerett blir også gitt i rapporten som gjeld pulverlakkkanlegget.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

## 6. Offentlegheit

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for offentlegheita via postjournalen til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, jf. offentleglova. I tillegg vil rapporten vere tilgjengeleg på [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

## 7. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve etter forureiningslova til utslepp frå forbrenningsanlegg for J.E. Ekornes AS. Gitt av Fylkesmannen i Møre og Romsdal 20.11.14.

## 8. Informasjon til verksemda

Informasjonsark som blei delt ut under inspeksjonen:

- Gebyr ved kontroll (M-297/2015)